



Årsmelding 2022 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen og har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld personar med funksjonsnedsetjing.

Medlemer i valperioden 2019-2023

Leiar: Tore Roth Blokhus R, Nestleiar: Laila Stensletten NAAF

Ove Sandnes NHF, Astrid Dale HLF, Elna Kannelønning NFU, Lars Olav Traa Norges Blindforbund, Tarjei Aamot AP,

Varamedlemmer: Claire Benihou, Else Berit Helle, Tove Dypå, Sølvi Nygård, Anne Grethe Høisæter, Jarle Jæger, Sigurd Sævereid AP, Christian Andre Balchen H

I 2022 har det vore 8 møter.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ i kommunen.

Rådet skal jobba med eit breitt utval av saker som er knytt til FN-konvensjonen om rettar til personar med nedsett funksjonsevne, CRPD.

Det er mange saker i ein kommune som angår personar med funksjonsnedsetting. Spesielt vil det gjelde saker om likestilling, likeverdig tilgang til kommunale tenester og saker om universell utforming/tilgjenge.

Me har gjeve utale til desse sakene:

Ny kommunedelplan rehabilitering, helse og omsorg – høyring

- Ved planlegging av einskildbustad og/eller bufellesskap skal ein ta omsyn til intensjonen i CRPD, og legge til rette for høg grad av medverknad frå bebuarar og verge.
- Rådet meiner det er bra at planen har fokus på høg kvalitet på bueiningane.
- Rådet ønskjer at innbyggjarane kan velja mellom å eige eller leige, det er bra at det er teke med i planen.

Innspel til revidert planprogram til kommuneplanen sin arealdel

- Rådet ønskjer at stamvegen for sykkel og mikromobilitet skal ha eit skilje mellom gåande og rullande.
- Rådet ønskjer at handicap parkering vert bygd etter standard, og ein har rutinar for å vedlikehalde standard over tid.
- Rådet oppmodar at det i så stor grad som mogleg, legg til rette for at innbyggjarar har tilgang til grunnleggjande tenester som til dømes fastlege, barnehage etc. i sitt nærrområde.

Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel

- Rådet meiner at universell utforming må koma tydelegare fram i planen.
- Ved planlegging av einskildbustad og/eller bufellesskap skal ein ta omsyn til intensjonen i CRPD, og legge til rette for høg grad av medverknad frå bebuarar og verge.
- Rådet meiner det er bra at planen har fokus på høg kvalitet på bueiningane.
- Stord kommune bør ha målsetnad om å tilsette fleire med nedsett funksjonsevne.

Årsmelding og årsrekneskap 2021 Stord Kommune

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne støyr uttalen frå eldrerådet, og oppmodar om fokus på realisering av bufellesskap på Heiane i forbindelse med revidert budsjett. I tillegg ynskjer rådet at arbeid med heile stillingar vert prioritert.

Forstudie mogleg ombygging av Stord kulturhus

Rådet støttar ungdomsrådet sin uttale.

Årsbudsjett 2023, Økonomiplan 2023-2026

Rådet meiner at unge og eldre må prioriterast i budsjettet. Fritidsklubbane og koordinator på Leirvikstova må vidareførast i 2023. Dei tre resterande sjukeheimsplassane for 2023, må opnast som planlagt frå 1. januar 2023.

Me har hatt orientering frå:

Orientering om barnekoordinator v/einingsleiar Britt Sørensen Dalsgård

Orientering v/ordførar Gaute S. Epland

Nytt i 2022 er at me har Rådmannen si arbeidslista på sakslista.

Synfaringar

Synfaring på den nye Helseparken i Leirvik 08.03.22

Synfaring på Nysæter ungdomsskule 20.09 då var det mykje arbeid igjen så me fekk ei ny synfaring 01.12.2022

Innspel frå rådet: Det er den beste synfaringa rådet har sett på eit nybygg. Nøgde med kontrastfarge på inne dører, at det ikkje er brukt dørterskel. Materialval gjorde at det vert god lydemping og estetisk fint.

Nokre punkt dei ønskjer gi tilbakemelding på:

1. Knaggar på handikaptaolettet var for høgt oppe.
2. Toalettskål på handikaptaolettet burde vore 7-8 cm høgare.
3. Ønskjer at såpe dispenser og tørkepapir dispenser vert plassert i rett høgde for rullestolbrukarar.
4. Det er ønskjeleg med sensorstyrt døropnar i staden for trykkopnar, slik som innerdører på rådhuset.

Medlemmer av rådet er med i diverse prosjekt og arbeidsgrupper i kommunen

Aldersvennleg lokalsamfunn, undergruppe Fritidsmessa

Fagleg samhandlings utval (FSU) for personar med fleire kroniske lidelser.

Brukarrådet for re/habelitering

Pris for god tilgjenge 2022

Prisen gjekk til Stord flyktingteneste pris for god tilgjenge 2022

Grunngjeving: Stord flyktingteneste har gjort ein enorm jobb i så kort tid for å ta imot mange flyktingar som er ramma av krig, både i Europa og andre delar i verda. Dei gjer sitt beste alltid for å gi ein god start i samfunnet for alle, særleg barnefamiljar.

Handlingsplan

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne jobbar med å få på plass ein handlingsplan, reknar med at den er på plass vår 2023

Konferanse

Konferanse for kommunale råd for menneske med nedsett funksjonsevne 6-7. oktober 2022 på Edvard Griegs hotell Bergen, her deltok eit medlem av rådet på.

Laila Stensletten

Fungerande Leiar